

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.02.2016

Vedtak

Sekretær orienterte om førespurnad frå samferdselsavdelinga om fylkeseldrerådet kan medverke til rekruttering av informantar i samband med prosjekt gjeldande universell utforming av reisekjeda bybanen og bussruter i bergensregionen.

Sekretær orienterte om faste medlemmer i fylkeseldrerådet som har delteke på Fagakademiet sitt kurs i eldrerårsarbeid. Når det gjeld varamedlemmer, vil dei bli informert om høvet til å delta som observatørar på fylkeseldrerådet sine møte, når dei måtte ønskje det.

Nestleiar Gunda Falao Sparre stilte spørsmål ved at det ikkje vert utbetalt møtegodtgjering for frammøte/arbeid i fylkeseldrerådet sitt arbeidsutval. Fylkeseldrerådet er samde om å undersøkje praksis i andre råd og utval og deretter vurdere om dagens praksis bør endrast.

Etter forslag frå representant Synnøve Solbakken vert møtet i fylkeseldrerådet 9. juni 2016 framflytt til 8. juni.